

ÅRSMELDING 2016

VALLDAL IDRETTSLAG

Styret 2016 -

Einar Hoel	leiar
Anders Rem	nestleiar
Trond Håvoll	kasserar
Liv Marit Indreeide	skrivar
Monica Nystøyl Henden	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Torkjell Døving	leiar fotballgruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Jan Ole Fuglem	leiar skigruppa
Ida Kristoffersen Rem	leiar trimgruppa
Kristin Sandnes	1. varamedlem
Anita Wolsdal Hjelme	2. varamedlem

Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 9 styremøte i 2016 og behandla 43 saker. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla til styremøte.

Det vart innkalla til ekstraordinært årsmøte 27.10.16 for å behandle sak om omlegging av lysløypa med bakgrunn i usemje med ein eigar av hytteeigedom om grunn til lysløype. Det vart gjort vedtak om omlegging av løypa.

Medlemmar –

For 2016 er det registrert 220 betalande medlemmar. Dette er ein betydeleg nedgang i forhold til tidlegare år. Frå 2016 er lag tilslutta Norges Idrettsforbund pålagt å ha eit elektronisk medlemsregister. Valldal IL har vald å bruke idrettsforbundet sitt system Klubbadmin basert på medlemmar si registrering i MinIdrett. Det har vore ein del utfordringar med registreringa og dette er ei årsak til det forholdsmessig låge, registrerte medlemstalet. Ulike ”hjelpetiltak” ha vore sett i verk og dette vil halde fram i 2017. Det er difor også forventa at medlemstalet minst vil minst kome opp på tidlegare års nivå i løpet av 2017.

Klubbadmin gjev god oversikt over medlemsmassen, det gjev gode mulegheiter for fakturering og oppfølging av krav, men alle funksjonar er ikkje like brukarvennlege.

Representasjon –

Anders Rem sit i styret i Norddal Idrettsråd.

Øyvind Hoel er Valldal IL sin representant i gjevargruppe for utstyr i Martin Linge huset
Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

Anlegg-

Valldal IL har gjennom fleire år hatt mange prosjekt under arbeid; rehabilitering klubbhus, ny trakkemaskin, kunstgrasbane, utvida parkeringsplass ved klubbhuset og sandvolleyballbaner. 2016 vart året der ein kunne senke skuldrane, litt.

Kunstgrasbana-

Kunstgrasbana vart teken i bruk hausten 2015. I 2016 har det vore sluttarbeid med m.a. gjerde og pussing rundt anlegget. Det vart også kjøpt ei eldre campinghytte som vart pussa opp og sett opp som kiosk og mindre lager ved bana.

Laurdag 3. september var det offisiell opning med ordførar, fotballkrets og mykje bygdafolk til stades. Det var grendacup i fotball og servering av rjomegraut og kaker til alle gjestar.

På varme sommardagar har det vore litt utfordringar med bana då grasmatta bular litt.

Leverandør har ikkje kunne gje fullgod forklaring på dette. Uansett eit flott anlegg som er eit viktig bidrag til fotballaktiviteten i Valldal IL. Stor takk til anleggsnemnda med Torkjell Døving i spissen, Anders Rem, Robin Gjerde og Anne Lene Hjelle.

Rekneskapet viser ein totalt kostnad på om lag kr 4,1 mill. Av dette er det gjort dugnad til ein verdi på over kr 0,5 mill. Håpet er snarleg utbetaling av omsøkte spelemidlar, kr 1,4 mill, og refusjon av betalt meirverdiavgift, kr 0,7 mill, slik at mellombels banklån, på kr 2,1 mill, kan betalast.

Martin Linge huset

Etter fleire vedtak i kommunestyret, ein del "turbulens" og ein byggeperiode på om lag eit år stod nytt bygg for idrett og kultur ferdig sommaren 2016. Kommunestyret gav bygget namnet Martin Linge huset. Bygget inneheld idrettshall på 25x45 meter som kan delast i 3 salar, ny kultursal i den gamle samfunnshussalen, nye garderober og toalett, ny kjøkkenavdeling, sosiale rom og lokale for kulturskule og ungdomsklubb. Det har vore ein stor aksjon for å samle inn pengar til inventar i bygget og ved årsskiftet vart innsamla sum komen opp i nesten kr 2 mill! Valldal IL har så langt bidrege med kr 135.000. I tillegg er det utført mykje dugnadsarbeid, også frå idrettslaget sine medlemmar.

Laurdag 1. oktober var det offisiell opning, med defilering av lag og organisasjonar i kommunen, helsingar, mat, aktivitetar i hallen og program i kultursalen og avsluttande futsalkamp mellom G14 frå Valldal og NEG-fotball.

Martin Linge huset er eit viktig bidrag til idrett og kultur i kommunen. Aktiviteten i idrettshallen er stor og det er tilbod om mange ulike aktivitetar i løpet av veka

Lysløypa

Det har i mange år vore usemje med ein grunneigar til ein hytteieigedom på Omenås om rett til grunn for lysløypa. Det har vore prøvd å få til ein semje om spørsmålet utan å lukkast. Diverre har det også vorte brukt forholdsvis store summar på advokathjelp. Hausten 2016 mottok vi varsel om at saka ville verte teke til retten for å få avgjort grunnspørsmålet. Dette var ein prosess som styret ikkje ønskte å gå inn i, til det var resultatet usikkert. Det vart difor kalla inn til ekstraordinært årsmøte som vedtok omlegging av lysløypa utanom aktuell eigedom. Samstundes vart det gjort vedtak om å legge til rette for eit mindre skileikområde ved Valldal stadion. Eit arbeid til ein total kostnad på om lag kr 400.000 inkl mva og dugnad. Det er søkt om spelemidlar og i tillegg er Norddal kommune søkt om tilskot. Dersom vi får utteljing på dette vil tiltaket ha ein låg kostnad for Valldal IL.

Arbeid vart igongsett og fullført i november med Sunde Enpreprenør som utførande. Erfaring i vinter er at omlegginga med nokre mindre justeringar er ei god løysing.

I samband med arbeidet vart grunnavtale med Geir Arne Sylte for Valldal stadion utvida, slik at avtalen dekker alt areal Valldal IL brukar, og gjev også mulegheit å bruke eit nytt, mindre område mot Myklebustelva.

Drift og vedlikehald

Valldal IL har mange anlegg som krev vedlikehald og jamn oppfølging og stell. Slådding av kunstgras og slåing av grasbane har vore utført gjennom sesongen. Kunstgrasbana gjev mindre belastning på grasbana og dermed betre grunnlag for å ha ei god og fin grasbane. Friidrettsbana har vore slådda, men det trengs å gjere dette fleire gongar pr år for å hindre groing. Det har også vore utført vedlikehaldsoppgåver med grøfing og skogrydding i lysløypa. Klubbhuset vart nedvaska våren 2016.

Loftet på garasjen for trakkemaskina har vore utilgjengeleg. På baksida vart det på slutten av året bygt opp med masse slik at ein når tak i inngangen. Ferdigstilling av arbeidet og legging av golv på loftet vert fullført i 2017.

Ressursgruppa

Våren 2016 kom det initiativ frå nokre medlemmar i Valldal IL som stilte seg til disposisjon for å utføre ulike oppgåver på laget sine anlegg. Gruppa vart kalla "Ressursgruppa" og det har vore ein stor og viktig ressurs for Valldal IL! Det vart sett opp liste over aktuelle oppgåver og gruppa har hatt fast dag ein gong i veka for arbeid og sosialt samvær. Av oppgåver som er utført kan nemnast måling av speakerbod, ballskur og baksida av klubbhuset, beising av tribune, oppsetting av gjerde, rydding av skileikområde, rydding og flisdekking av skråningar og reparasjon av friidrettsarg. Stor takk til ressursgruppa som vi håper også kan vere tilgjengeleg i 2017 til ulike oppgåver.

Idrettsskulen

Det har ikkje vore idrettsskule i 2016 m.a. grunna. ombygging av samfunnshuset. Det vert prøvd med oppstart at frå hausten 2017.

Nettside

Nettsida www.valldalil.no er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper. Det er Facebook-grupper for ski, fotball, og trim, friidrett og diskolf for informasjon

Tilsette –

I 2016 har det vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. I tillegg er det avtale med Anders Rem om tilsyn og ein del forefallande arbeid på klubbhuset.

Det er lønna personar for vedlikehald og stell av kunstras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS..

Arrangement -

Marknaden var i 2016 lagt til Valldal skule då samfunnshuset var under ombygging. Arrangementet er ei god inntektskjelde for laget og overskot i 2016 var omlag kr 40.000. Det var åresal, tombola, lister, pilkast og premieutdeling frå Valldal Liabygda cup på ski.

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Som vanleg var mange i aksjon og hjelpte til, men slutten av juli er ferietid og ein del har ein hektisk arbeidsperiode, slik at det kan vere krevjande å få saman arbeidslistene. På olsoklaurdagen var det som vanleg flott ver og stor oppslutning frå publikum. Totalt ga desse arrangementa om lag kr 140.000 i netto inntekt. Kr 54.000 av dette er overført til gruppene.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

Økonomi –

I 2016 gjorde Valldal IL avtale om leige av betalingsterminal. Denne kan brukast på alle arrangement og er særleg viktig på Mefjellet opp og Olsok.

Valldal IL fekk i 2016 kr 48.314 frå Grasrotandelen, Norsk tipping. Kulturmidlar frå Norddal kommune utgjorde kr 17.640, ein betydeleg nedgang, og lokale aktivitetsmidlar, som er eit statleg tilskot til idrettslaget utgjorde kr 41.147. Laget fekk kr 141.739 i mva kompensasjon i 2016. Av dette utgjorde tilbakebetaling for rehabilitering av klubbhuset kr 91.596. Kostnader til dette arbeidet inkl mva har vore ført tidlegare år i driftsrekneskapet.

Rekneskapsresultatet for 2016 viser eit overskot på 67.750. Gruppene har om lag balanse i sine rekneskap, medan hovedstyret har eit overskot på om lag kr 74.000. Når ein ser desse tala bør ein ta omsyn til meirverdiavgift for klubbhuset kr 91.596, som bør sjåast som ei ekstraordinær inntekt.

Samla inneståande på konto pr 31.12.16 var kr 608.444. Hovedstyret har forskottert for forventa tilskot og refusjon av meirverdiavgift for kunstgrasbane og omlegging av lysløypa med til saman kr 590.000.

Det vert elles vist til rekneskapet for 2016.

Valldal idrettslag mista ein av sine gode støttespelarar då Jostein Gjerde gjekk bort i januar 2016. Jostein var med sin innsikt og arbeidsinnsats god å ty til når noko skulle gjerast. Han sat fleire år i styret, var trufast sjåfør på trakkemaskina i over 25 år og var også aktiv i skisporet både som leiar og løpar.

Mange gjer ein stor for idrettslaget og idretten i Valldal og styret vil rette eit stor takk til alle som på ulike måtar har vore med og hjelpt til i 2016.

Valldal 31.12.16/15.3.2017

Valldal IL - styret

Einar Hoel Anders Rem Trond Håvoll Liv Marit Indreeide Monica Nystøyl Henden
Torkjell Døving Magne Eivind Glomnes Jan Ole Fuglem Ida Kristoffersen Rem

ÅRSMELDING 2016

VALLDAL IL - FOTBALLGRUPPA

Styret har vore slik samansett:

Torkjell Døving (leiar)
Hillevi Hovden (kasserar/nestleiar)
Anett Steinnes (styremedlem)
Tom Erik Hjelle (styremedlem)
Stig Rune Grønmo (styremedlem)

Vara: Solveig Heggen og Kenneth Hovden.

Styret har også hatt 3 ungdomsrepresentantar. Desse har i år vore Håvard Hoel (8.kl), Gunhild Sunde (9.kl) og Amund Sunde (10.kl).

Arbeidet har vore fordelt slik:

Torkjell – Leiar, dugnadsansvarlig, leiar programbladnemnd, ansvarleg påmelding 2017.
Anett – Skrivar, kioskansvarleg, draktansvarleg.
Tom Erik: Materialforvaltar, programbladnemnd.
Hillevi: Kasserar, ferjekort, lotteri/sparekort.
Stig Rune: Programblad (annonser), baneansvarleg.
Anders: Drift av baner, dommaransvarleg, dommar m.m.
Kenneth: FairPlay-ansvarleg m.m.

Vi har hatt seks styremøter i løpet av året. Det har elles vore relativt hyppig kontakt på styret si facebookgruppe og pr e-post.

Det var 11 lag med i sesongen 2016, og desse var: J7, G8, J8, G9, G11, J11, G13, J13, G14, J16 og Senior Herre. Laga opp til og med 10 år spelte miniturneringar og laga frå 11 år og oppover spelte seriespel. I tillegg til alle desse laga har det også vore trening for damer. Her har 10-15 damer delteke i deler av året.

J16 deltok i 2017 på Norway Cup, der laget greide å spele seg til kvartfinalen i B-sluttspillet, der laget tapte 2-1 for Tertnes. Elles har Valldal sine lag delteke på ulike cup'ar på Sunnmøre. G13/G14 har i vinter delteke i futsalserien med to G14-lag.

Begge banene på Omenås har vore i full drift. Men naturleg nok har kunstgrasbana vore brukt mykje i år sidan den er ny av året. Det positive er at naturgrasbana har fått eit «kvileår» og fått tatt seg att litt etter hard bruk av tid med stor aktivitet. I år har også idrettshallen i Martin Linge-huset blitt opna, og er blitt eit uvurderleg tilskudd som treningsfasilitet vinderhalvåret. Fleire av laga har difor halde treningar nesten gjennom heile vinteren.

Vi held fram med klubbavtalen vi har med B.Rognve Klubb som gir oss gode rabattar ved kjøp av utstyr. Vi fekk i haust ta ut bonusen vår for 2015 – varer for 15 000,- kroner. For dette fekk vi fotballar, vestar, keeperhanskar, ballsekkar og anna småutstyr.

I sommar var vi heldige å vann ein konkurranse om kr 50.000,- frå Canal Digital sitt samfunnsprosjekt «Gir Tilbake». I søknaden vår vart det lagt vekt på kjøp av utstyr til fotballgruppa på bakgrunn av at vi har fått både ny kunstgrasbane og idrettshall. Fotballgruppa mottok premien på Color Line stadion i pausen under kampen mellom Aafk og

MfK. Seinare på sommaren kom TV2 til Valldal og laga ein reportasje om klubben, kunstgrasbana og idrettshallen. Aafk sin kaptein Bjørn Helge Riise var med på denne seansen der han m.a. gjennomførte nokre treningsøvingar med dei mange borna som deltok Denne dagen. For desse midlane har det blitt kjøpt inn m.a. 3'ar-bane, småmål, ballar, ballvegg. Det er framleis att ein del av denne premien til investeringar i 2017.

For å få pengar i kassa har m.a. dette vore gjort:

- Sal Enjoy sparekort og Fotballotteriet
- Sal av annonser til programblad
- KickOff Fotballskule i påska
- Fotballskule i sommar
- Kiosksal ved kvar heimekamp
- Treningsavgifter
- GrendaCup i romjula
- Søknad om midlar frå Canal Digital Gir Tilbake

I tillegg har vi fått sponsa nødvendige nye drakter og premiar til arrangement.

Det har forøvrig vore eit litt spesielt år mtp sponsor- og annonseinntekter. Fotballgruppa på vegner av idrettslaget skaffa mykje støttemidlar frå både bedrifter og privatpersonar til kunstgrasbana. Det er lagt ned eit stort arbeid både i form av sal av andeler i bana og sponsorskilt langs bana. Denne støtta viser ikkje att i rekneskapen til fotballgruppa sidan inntektene går til nedbetaling av byggelånet (hovudlaget) fram til lånet er nedbetalt.

Evaluering av Arbeidsplan

** «halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene»*

- Dette ser ut som vi greier. Vi klarer ikkje å stille J16-lag, men vi stiller 7ar-lag for herre, G16, G14, J14 og J13.

** «halde oppe talet på påmelde lag i serien»*

- I 2016 hadde vi 11 lag. Dette var eitt lag mindre enn 2015. Men no blir det truleg påmeldt 12 lag for 2017-sesongen.

** «alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser»*

- J16 deltok i 2016. Vi håper at G16 kan delta i 2017.

** «i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøker for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball».*

- Det vart i 2016 arrangert 2 treningssamlingar – i påska og i sommar. Dette var svært vellukka arrangement og vi vil gjenta dette i 2017.

** «gjere bingoen vi arrangerte i november til eit årleg arrangement»*

- Bingoen vart ikkje arrangert 2016. Dette skuldast først og fremst at samfunnshuset har vore utilgjengeleg pga ombygging. Men også fordi det har vore ein svært stor aktivitet i fotballgruppa i år særleg pga ferdgisting av kunstgrasbana.

Valdal, 02.03.17.
Styret i fotballgruppa

Valdal Idrettslag

ÅRSMELDING 2016

VALLDAL IL FRIIDRETTSGRUPPA

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar
Øyvind Reiten, nestleiar
Børge Heggen Johansen, kasserar
Cathrine Berli, skrivar
Jacek Wilczura

Solfrid Fjeldstad og Ann Kristin Godø Hoel har vore varamedlemar.

Det har berre vore eitt styremøte i 2016, elles har det vore kontakt via e-post. Leiar har også vore i kontakt med naboklubbane angående Storfjordstemnet i Eidsdal, og Liabygda IL angående friidrettscupen. Friidrettscupen vart arrangert på same måte som tidlegare. Mefjellet opp og Jordbærdilten vart arrangert også og ligg på terminlista til friidrettsforbundet.

Arrangement:

Valldal/Liabygda cup:

I 2016 samarbeidde vi nok ein gong med Liabygda IL om friidrettscup. Seks cupar totalt; tre i Valldal, tre i Liabygda. I tillegg arrangerte vi Storfjordstemnet saman med Eidsdal, Norddal og Liabygda, på Langereiten stadion i Eidsdal i slutten av august. Dette telte også i cupen. Det vart utdelt samanlagt premie for tre cupar totalt. For tredje året på rad opplever vi auka deltaking på cupane. 55 samanlagtpremiar vart delt ut, og heile 50 av desse var frå Valldal. Åtte personar var med på alle cupane. På det meste var det 68 deltakarar på ein cup. Det vart ei enkel avslutning med premieutdeling på klubbhuset i Liabygda rett etter siste cupen i september.

Stafettar:

Det var dårleg med stafettdeltaking i 2016. Norddalstafetten vart arrangert i Norddal same dag som opninga av kunstgrasbana i Valldal. Dette var ein uheldig kollisjon som gjorde at det var umogleg å stille lag frå Valldal. Det er no snakka konkret om at ein må samarbeide om å fastsetje dato slik at kollisjonar ikkje oppstår. Om denne stafetten skal overleve må det sikrast deltaking frå alle klubbane.

Trening og aktivitet:

Det vart ikkje gjennomført noko organisert trening i 2016. Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore nokre løp på landeveg, terreng og motbakke med gode resultat.

Økonomi:

Økonomisk vart det i 2016 eit underskot på kr. 7020. Grunnen til dette var at vi prioriterte å kjøpe inn nytt utstyr, bl.a. vindmålar. Dette fekk vi ikkje støtte til då summen var for lav.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2017.

Valldal 28. februar 2017

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Øyvind Reiten, Børge Heggen Johansen, Jacek Wilczura, Cathrine Berli

ÅRSMELDING 2016

VALLDAL IL SKIGRUPPA

1. Innleiing

Valldal IL skigruppa kan sjå tilbake på ein god skisesong 2016. Vi må seie oss godt fornøgd med deltakinga i lokale renn og arrangement, og nokre deltek også på krets nivå, regionalt og nasjonalt nivå. Det er gledeleg at vi har stor stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom oppslutninga om skikafeen torsdagane i vintersesongen.

2. Organisering

Styret:

Jan Ole Fuglem – leiar
Aksel Indreeide – nestleiar
Geir Arne Myren – kasserar
Juliette Bechtold – styremedlem
Terje Nerhus – styremedlem
Per Jomar Nerli – 1. varamedlem
Anne Gry Myklebust Vestre – 2. varamedlem

Undergrupper:

Trakkemaskingruppe

kontaktperson Geir Arne Myren
Magne Hoel
Fridjon Døving
Terje Hoel

Skikafe/premienemnd

Marian Myklebust Sunde
Anne Gry Myklebust Vestre
Catrine Berli
Juliette Bechtold

Treningsnemnd

(langrenn/skiskyting)

Jan Ole Fuglem
Marian Myklebust Sunde
Per Jomar Nerli

Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Tilsynsgruppe lysløype

Terje Nerhus
Aksel Indreeide
Magne Hoel
Kjell Vad

Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Hans Martin Gjedrem
Anne Gry Myklebust Vestre

Programbladnemnd

Per Jomar Nerli
Aud Lindis Ødegaard

Rennavvikling

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli

Nettside

Kristi Linge Stakkestad

3. Økonomi

Hovudtal	2012	2013	2014	2015	2016
Inntekter	160 294	302 014	1 214 901	838 428	315 698
Utgifter	249 663	380 878	1 712 652	258 839	309 430
					6 268

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 136 947 (31.12.16).
I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.
Skigruppa har pr 31.12.15 gjeld på kr 0.

Viktige inntektskjelder:

Inntekter på arrangement, programhefte (annonsesal), sponsorar, gåvemedlar

Dei største utgiftspostane: Drift av utstyr og anlegg

4. Aktivitet

Trening

Treningsopplegget har vore ganske likt dei siste åra. Felles treningane startar opp om lag ved skuelstart. Kvar tysdag og utover hausten og vinteren er det **trening i barmark/ klassisk/ fristil/ skileik** for to-tre grupper frå 1. klasse og oppover. Torsdagar er det skiskyttartrening på Myklebust, både på barmark og snø. Skisesongen har sidan 2013 starta opp med **miljøsamling** for Valldal IL på Ullsheim skistadion på Markane siste helga i september. Dette er blitt ein kjekk, nyttig og god start på sesongen.

Hausten 2016 starta det opp att med innetrening i Martin Linge huset. Dette var sirkel/basis trening. Hausten 2016 hadde vi også snøsamling saman med Stordal IL på Dombås. Det var eeifin helg på nysnø.

I desember arrangerte VIL for fjerde gong **treningssamling** for barn og unge i klubbane i sone indre Sunnmøre. Det vart to økter på snø i løypene frå Langdal, og matpause på klubbhuset midt på dagen. Eit vellukka opplegg med fornøgdde deltakarar frå Liabygda, Stordal, Stranda og Valldal.

Skiskyting

Det vart i hausten 2016 gjennomført skiskyttarskule med fem deltakarar. Det er jamt oppmøte på skiskyttartrening kvar veke. Fleire har også delteke på skiskyttarrenn. April 2016 var sju skiskyttarar på reise til Liatoppen skiskyttarfestival. Ein kjempefin tur for barn og vaksne.

Kretslag

Valldal IL har 2016/2017 ein løpar på Møre og Romsdal skikrets sitt juniorkretslag, Kornelius Linge Glomnes. Dette laget ser ut til å fungere bra.

Storfjordlangrenn

Valldal IL er medeigar i Storfjordlangrenn.

Sesongen 2016/17 er det ein deltakar frå Valldal, Eskil Linge Glomnes.

Materiell

Skigruppa disponerer om lag 20 par skøyteski i lengder frå 132 til 170 cm til utlån.

Skia er tenkt til aldersgruppa 7-12 år (1.-6. kl). Vi har også fleire par rulleski til utlån.

Gruppa eig sju skiskyttarvåpen. Alt utstyret har vore jamt i bruk siste året. Det er også innkjøpt ein del aktivitetsmateriell til bruk på treningane.

Arrangement – skirenn

Valldal IL arrangerte i 2017 **Sparebanken Møre cup i duatlon**. Heile arrangementet var på Omenås. VIL fekk også denne gongen skryt for eit godt arrangement, og vi tek det som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar. Vi nyttar høvet til å sende alle frivillige ein stor takk!

Søndag 8. januar var det **sonerenn** i Valldal. Sonerenne omfattar Stordal, Liabygda, Geiranger og bygdene i Norddal kommune. Deltakarar utanfrå er også velkomne.

Rennet vart arrangert som skicross og hadde 75 deltakarar. Mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrinth blir lagt inn i løypa. Ei spennande og populær form for skirenn for spesielt dei yngste deltakarane.

Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. 31 deltakarar gjekk minst fire renn og gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det mange som fekk.

Valldalsmeisterskapen vart arrangert i fristil skjærtorsdag, også denne gongen med god deltaking i gjesteklassane. Totalt 141 skiløparar i alle aldrar deltok. Dei klart største klassane i VM er framleis barn under 8 år og herrar senior.

Skikafe

Det var skikafe på klubbhuset kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Skikafe er eit positivt tiltak med svært god oppslutning når skiforholda på Omenås er gode! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag ”av seg sjølv”.

Ski i skulen

Ski i skulen er eit prosjekt for skiopplæring som kom til i samband med arbeidsplanen for 2013. Sparebanken Møre har støtta oss med dette prosjektet kvart år sidan. Elevar ved Valldal skule får tilbod om 1-2 økter med skiinstruksjon. Midlane går hovudsakleg til dekking av skyss.

Vintertrim

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Valldalssætra, Høgshaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

Marknad

Sesongen vart avslutta med marknad på Valldal skulel. Det var også samanlagtpremiering av deltakarar i Valldal Liabygda-cup og trekt premiar mellom dei som har registrert seg på vintertrimpostane.

5. Prestasjonar – resultat

Valldal IL har dei siste åra vore representert på ulike nivå innan vinteridrett, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mange små og store løparar stilte til start på landsrenn (=kretsrenn), sonerenn, i Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen og i VM.

Og nok ein gjeng med birkebeinarar frå Valldal IL drog til Rena i mars 2016.

Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort. Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

6. Avslutning

Vi håper at mange hadde gode treningsøkter og fine opplevingar i skiløypene sist vinter. Den nye trakkemaskina og dei dyktige sjåførane gjorde også dette året ein god jobb slik at vi omtrent dagleg kunne finne nypreparerte skiløyper.

Vi har god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski, og vi håper på snørike vintrar som gir auka rekruttering i åra som kjem!

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til i åra som kjem, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i framtida. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!

Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig skigruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.

Valldal IL ski, februar 2017

Styret

Jan Ole Fuglem

Aksel Indreeide

Geir Arne Myren

Juliette Bechtold

Terje Nerhus

Per Jomar Nerli – 1. vara

Årsmelding for 2016

Valldal IL Trimgruppa

Styret 2016

Leder	Ida M. Kristoffersen-Rem	1 år
Nestleder	Andreas Håvoll	2 år
Kasserer	Jørg Barthel	1 år
Skriver/Styremedlem	Maria Dvergsdal	2 år
Styremedlem	Runar Andersen	1 år
Varamedlem	Lene Heggen Johansen	1 år
Varamedlem	Elisabeth Golten	1 år

Valgmennd Bente Larsen Håvoll og Odd Lennart Vikene
Representant til hovedstyret Ida M. Kristoffersen-Rem

Aktiviteter gjennom året:

Sykeltrim 1. mai

Strålende solskinn. Solgte 112 bill. Voksne og 79 bill. Barn. Vinnere av sykler var Jorunn Hoel og Kim Lounas. Opptelte penger billettsalg og kiosksalg kr 18 116,-.

Trimposter 2016

3 nye poster i år, Tafjordsætra, Flyene og Fremstevatnet. Kuttet ut Osten i år. Måtte sette opp ny kasse på Tafjordsætra, felles kasse med Stikk- ut på Flyene og brukte den gamle på Fremstevatnet. Kodene vart endra til en bokstav og 3 tall for ikke å være like som Stikk -ut sine. Solgte kort for kr 3950. Innleverte kort var 12 voksne, 17 barn og 2 ungdommer. Flest poeng under 10 år: Sigve, Vilja og Heine Fuglem (tot 9 premier), 10-16 år: Elida Fuglem (tot 7 premier), 16-25 år: Cornelius Linge Glomnes, uttrekkspremie go-pro kamera: Runar Andersen, Voksne: Tina Fuglem (uttrekkspremie Kristi L. Stakkestad og Steinar Vikene).

Jobbet med muligheten for å bruke digitale poster i framtida, men ikke konkludert med noe system enda. (Eks georeg.no)

Vekas tur i samarbeid med God Helse

Andreas Håvoll var turleiar over Syltefjellet og Nelly Ytterli til Tafjordsætra.

Planlagt aktivitet med familietur til Steindalsstølen under Folkehelseveka.

Folkehelseveka ble avlyst.

Deltagelse i "parade" under åpninga av Martin Linge huset.

Innmarsj under den formelle åpninga med deltagere fra de fleste undergruppene i VIL og» kultur-grupper»

Gave til Martin Linge-huset kr 15 000,-

Nyttårsmarsj 1.januar

1.januar var på søndag i år. Dette i tillegg til dårlig vær var kanskje grunnen til den dårlige deltagelsen. Solgte 16 barnebilletter og 19 voksenbilletter. Fruktkurven ble vunnet av Nils Bendik Rem og gavekort på kr 500 i Klatreparken ble vunnet av Paulina Bathel.

Kommet igang med dame-/herretrim i Martin Linge huset

Etter ønske fra flere i bygda har trimgruppa tatt på seg å organisere dame- og herretrim i Martin Linge-huset. Tildelt sal 2 og 3 på torsdager mellom kl 20.00 og 22. 00. Gro Marita Valdal og Andreas Ødegård vil organisere aktivitet de første gangene. Oppfordrer alla deltakere til å betale årsmedlemskap til Valldal IL på kr 450 via minidrett.no

Arbeidsplan for 2017

Målet er å holde vedlike de aktivitetene vi har hatt, følge opp dame- og herretrimmen og jobbe videre med digitalisering av turpostene.

Valldal, februar2017

Trim Valldal IL, Styret

Årsmelding for 2016

Valldal IL Frisbeegolf

Frisbeesesongen 2016 starta offisielt fredag 1. april. Då var årets første Vekas runde i gang og 11 personar møtte opp. Allereie 28. mars kom sesongens første ace satt av Jan Tore Åsheim på gamle #14. Når det gjeld Vekas runde, var det Jan Tore Åsheim og Svein Magne Jemtegård som vann uttrekkspremiar signert noregsmeister Håkon Kveseth. Her er nokre fakta frå Vekas runde:

- I løpet av sesongen var det 52 spelarar innom.
- Dei ivrigaste var Ole Sander (22 gongar), Runar (20) og Hogne (17)
- Det deltok færrest 4 og flest 17 spelarar.
- Gjennomsnittet av deltakarar var 11 spelarar.
- Vi har registrert 278 rundar med totalt 11 459 kast!

Laurdag 7. mai arrangerte vi Vårslepp med blant andre ni gjestar frå Langevåg. 24 spelarar kosa seg med to rundar à 15 hol i det fine vårvêret. Etter første runde leia Eirik Løddøen eit kast framføre Richard Moen, som hadde eit kast til gode på både Andreas Havnegjerde og Knut Håland. Andre runde vart så spennande som det kunne bli, der Andreas viste sin nasjonale og internasjonale erfaring og til slutt vann med knappaste margin. Eirik og Richard delte andreplassen eit kast bak.

Laurdag 13. august arrangerte vi storturninga Jemtegård Open. Klubbane Kristiansund, Langevåg, Måløy, Valldal, Øverås og Volda gjekk saman om Nordvesttouren der tre av seks turneringar talte i samandraget. Jemtegård Open var den fjerde i rekka og heile 40 deltakarar møtte fram. Det var to rundar med 18 hol for klassene open, master, junior og amatør. I tillegg var det ein finale i open på 5 hol. Klassevinnarane blei Sigbjørn Halle i amatør, Jonathan Lie i junior og Per Magne Juliebø i master. I klassa open vann tidlegare norgesmeister Ståle Stai Hakstad frå Kristiansund, framføre Øyvind Jarnes (Langevåg) og Andreas Havnegjerde (Øverås). Ståle og Øyvind var også dei to beste norske i EM med 20. plass og 27. plass, så det er ingenting å seie om kvaliteten i toppen ☺

Klubbmeisterskapet blei gjennomført laurdag 24. september med åtte spelarar. Vi valte difor å ha berre ei klasse. Først gjekk vi ei runde på 12 hol frå «gamlebanen», deretter ei runde på 12 hol frå «nybanen». Etter to rundar vann Eirik (70 kast) med Richard (71) på 2. plass og Runar Andersen (75) på 3. plass.

Elles kan vi seie at banen blir flittig bruka av både dei som vil vere litt seriøse og av dei som berre vil ha litt frisk luft. Stadig ser vi vennegjengar og familiar ute i skogen. Det bør også nemnast at banen er i ferd med å bli kjend utanfor kommunegrensa også. Vi har hatt besøk av tre ulike norgesmeistarar; Ståle Stai Hakstad, Jostein Håland og Håkon Kveseth. I tillegg har verdsmeister frå 2009, Avery Jenkins frå USA, vore og prøvd bana.

Avslutningsvis kan det nemnast at vi har ein del dugnadsarbeid framføre oss som ikkje var planlagt. Tidleg i desember gjekk det eit jordras på hol 5 som øydelagde korga som sto der og sette tre hol ute av spel. Store mengde nedbør i form av regn har flytta mange kubikkmeter masse og tre. Dette oppryddingsarbeidet blir krevjande både i forhold til mengde og til sikkerheit. Det skal likevel ikkje setje ein stoppar for lysta til å spele frisbeegolf.

Valldal IL Frisbeegolf
Richard Moen